

Fagnettverk pedagogisk IKT

VELKOMEN TIL NETTVERK I PEDAGOGISK BRUK AV IKT I UNDERVISINGA

Tysdag 9. september 2025 kl. 9:15-14.30

Stad: Kulturhuset, Sogndal



Program

09:15- 09:45: Velkomen! Me møtast kort i Blaoboxen på Kulturhuset før føredrag i Storesalen, og går gjennom program for ettermiddagen og generell informasjon

09:45- 11:30: HVL-føredrag i Storesalen med Sarah Newman frå Harvard University: *Å møte utfordringar og moglegheiter med KI i utdanninga (sjå eigen plakatt på baksida)*

11:30- 12:30: Lunsj i Blaoboxen (meld frå om evt. allergiar under merknadsfeltet i påmeldinga)

12:30- 12:45: Personvern i skulen på 15 minutt: Kva *må* me kjenne til?

12:45- 14:15: Felles introduksjon og diskusjonsgrupper/workshops om følgjande tema:

- KI i praksis: Deling av tips og triks. Erfaringar med bruk av Skolebot eller andre program til no?
- Korleis samarbeide med heimen om skjermtid og digital praksis i skulen?
- Innføring av skjerm: *Når* bør elevane byrje med digitale verktøy? Kva bør dei byrje med? Bruke berre på skulen/ta med heim? Sosiale medium tilgjengeleg på skulenettet?
- Deling av gode, konkrete opplegg, appar/program og tips

14:15- 14:30: Avrunding og evaluering av nettverket

Både nettverksamlinga og føredraget med Sarah Newman er gratis. Du må melde deg på begge to!

Samlinga er open og aktuell for alle skuletilsette i grunnskule, VGS og vaksenopplæring, ikkje berre dei som jobbar med pedagogisk IKT særskilt. Velkommen!

Ansvarlege for samlinga:

Håvard Takle Sanden, Luster kommune havard.takle.sanden@luster.kommune.no

Turid Rauboti, Sogndal kommune Turid.Rauboti@sogndal.kommune.no

Påmeldingsfrist nettverk: Søndag 31.8 kl 23. Meld frå om evt. allergiar/ behov i merknadsfeltet.

Beste helsing frå

Håvard Takle Sanden og Turid Rauboti Ingrid Steine Bortne


Nettverksansvarlege

Programleiar barnehage- og skuleutvikling

Lenkje til føredraget med Sarah Newman: [her](#)

Påmelding til sjølve føredraget med Sarah Newman: [her](#)

Påmelding til IKT-nettverket (før og etter føredraget): <https://www.fagnettverkisogn.no/hendingar/>



KI
Kunstig intelligens i utdanning

Embracing AI
Challenges & Opportunities in Education

 **Sarah Newman**
Leiar av Art & Education at Metalab ved Harvard University

Sogndal kulturhus
📅 **09.09.2025** ⌚ **10.00-11.30**

Høgskulen på Vestlandet IT-FORUM VEST Future Classroom Lab Norway

Å møte utfordringar og moglegheiter med KI i utdanninga

Kva skjer når ei verdsleiande forskarrøyst møter eit lite vestlandsk fagmiljø?

Forskar frå Harvard University Sarah Newman kjem til Sogndal 9. september.

Ho kjem ikkje for å halde eit foredrag – ho kjem for å starte ei samtale vi ikkje har råd til å utsetje: Kva skjer med utdanninga når kunstig intelligens flyttar inn i klasserommet?

Vi har fått tak i ei av dei mest framtidsklåre stemmene innan teknologi, etikk og pedagogikk. Ho kjem ikkje til eit stort auditorium i Boston eller ein internasjonal konferanse – men til vårt eige kulturhus i Sogndal.

Dette er ei unik moglegheit for alle som arbeider med læring og undervisning – frå barnehage til høgare utdanning – til å møte, lytte og stille spørsmål

Vi stiller med eit ope rom, klåre spørsmål – og ein vilje til å tenkje stort, sjølv frå ein liten stad.

Påmelding: HVL

Vel møtt!